NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Emnenr. 11. Fylke: Aust-Agder

Emne: Ymse attåtfôr Herad: Birkenes

Oppskr. av Andreas Kopeid Gard: Mollestad.
NEG.

Heimelsmann: Govert Mollestad, f. 1890 på Mollestad og bonde der.

I. A og B.
Ukjent at dei har nytta røtr til fôr.

II. A og B.
Ukjent at nokon har brukt tang eller tare til fôr. Birkenes er ei innlandsbygd.

III. Fôr stod potetriset grønt mykje lenger enn no, og då hövde det å bruka det som fôr. Men det var ikkje så serleg mykje brukt. G.M. kan hugsa at dei prövde det eit år på Mollestad – dei hesja det på gjerdet. Nokre hakka det saman med halmen, mens andre gav det som det var. Det var kanskje enkelte som laga lau av det.

IV. Ukjent.

V. 1. Det var ikkje vanleg å koka mat til dyra, men dei slo varmt vatn over hakkelsen.
2. Dei brukte hakkels til dei tok til med skurtreskar. Då må kornet vera så mogje før dei skjer det at halmen er lite verd. Dei brenner han opp. Dei skar halmen med hakkmaskin. G.M. har

16521

sett skjerkiste i Birkenes, men ikkje sett
den i bruk.
Hakkelsen hadde dei i bøtter, vasser og
i fôrtro (fôr-renna).
Det vanlege var at dei slo kaldt vatn
over hakkelsen og hadde mjøl på. Dei
gjorde det ferdig om kvelden og let det stå
til kvelds, og om kvelden og let det stå
til morgons.
Nokre la hakkelsen i vatn i tønner
og let det stå i måltid (frå morgon
til kveld, og frå kvelden til morgon) og
trekke vatn.

4. ukjent

5-6. Nei, det var ikkje råd å få tau i
det på i Birkenes.

6. Det hende dei laga tau ved å slå
varmt vatn på hakkelsen.

VI.
Fiskeavfall ikkje brukt.